

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 68/2018**

2020/EØS/6/34

av 23. mars 2018

**om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/2285 av 6. desember 2017 om endring av brukarretteiinga for deltaking i EMAS i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I EØS-avtala vedlegg XX, etter nr. 1eaj (kommisjonsbeslutning (EU) 2017/1508), skal nytt nr. 1eak lyde:

”1eak. **32017 D 2285:** Kommisjonsavgjerd (EU) 2017/2285 av 6. desember 2017 om endring av brukarretteiinga for deltaking i EMAS i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (EUT L 328 av 12.12.2017, s. 38).”

*Artikkel 2*

Teksta til avgjerd (EU) 2017/2285 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. mars 2018, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 23. mars 2018.

For EØS-komiteen

**Claude Maerten**

Formann

<sup>(1)</sup> TEU L 328 av 12.12.2017, s. 38.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.